



Behandling av klage - 112/2 - Samnøysjøen - Frådeling naust

Saksbehandlar:
Renate Halstensen

Arkivsaksnr.:
25/25819

JournalpostID:
26/63439

Saksnr:	Utval: Plan-, bygg- og miljøutvalet	Dato:
----------------	---	--------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om dispensasjon frå LNF og løyve til frådeling på eigedom gbnr. 112/2, vedtak datert 22.04.2026 sak 44/2026. Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjon var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane utvalet gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltar i Vestland for behandling.

Bjørnafjorden, den 03.08.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Saka gjeld klage frå Statsforvaltaren i Vestland på vedtak fatta av Plan-, bygg- og miljøutvalet 22.04.2026 om å gje dispensasjon og løyve til frådelling av nausttomt på eigedom gnr. 112 bnr. 2 i Samnøysjøen.

Den opphavlege søknaden om frådelling vart avslått både etter jordlova og plan- og bygningslova. Tiltakshavar klaga på avslaget, og Plan-, bygg- og miljøutvalet omgjorde vedtaket og gav løyve til frådelling. Statsforvaltaren har deretter påklaga dette vedtaket.

Administrasjonen vurderer at klagen ikkje tilfører nye opplysningar som endrar grunnlaget for vedtaket frå 22.04.2026, og tilrår derfor at vedtaket blir oppretthalde og sendt vidare til Statsforvaltaren for endeleg klagebehandling.

Konsekvensar av vedtaket

Økonomisk: Ingen direkte økonomiske konsekvensar for kommunen. For eigarane kan vedtaket ha økonomisk verdi ved at bygningen får eigen eigedom og kan vedlikehaldast eller utviklast vidare.

Klima: Svært avgrensa konsekvensar. Det er ikkje snakk om nye byggetiltak eller større terrenginngrep, berre frådelling av eksisterande bygg.

Areal: Ingen nye areal vert tekne i bruk. Samstundes mister landbrukseigedomen eigarskap til naustet og sjøtilkomsten, noko Statsforvaltaren meiner svekkjer eigedomen sitt ressursgrunnlag.

Tilgjengelegheit for alle: Tiltaket har liten eller ingen betydning for allmenn tilgjenge eller universell utforming. Det gjeld ein privat eigedom og eksisterande bygningsmasse.

Folkehelse: Ingen direkte folkehelsekonsekvensar. Eventuelt kan vern og vedlikehald av kulturmiljø bidra positivt til opplevingsverdi og lokal identitet, men dette er indirekte effektar.

ROS/samfunnstryggleik og beredskap: Ingen kjende konsekvensar knytt til flaum, ras, havnivå eller beredskap er omtala i saka. Sidan tiltaket ikkje inneber ny utbygging, er ROS-konsekvensane små.

Saksutgreiing:

Se vedlagte saksutgreiing